



STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM

5778 UTNE

Att. Heidi Richardson

Dato: 27.09.2016

Vår ref.: 2016/3392-27

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Dykkar ref.:

## Hardanger fartøyvernsenter - fordeling av tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar

Vi viser til søknad om tilskot til nemnde kulturbygg.

### Søknaden fekk diverre avslag.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, vedtok tildeling den 14.9.2016 (sak 109/16). Ved tildelinga for 2016 var det kr 8 119 079,- til fordeling. Det kom inn 11 søknadar innan fristen.

Ved avgjerda av dykkar sak har utvalet lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Sjå link til protokoll:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=7672&caseType=Protokoll&registryEntryId=224211>

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket.

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak knytt til statlege spelemidlar løyvd gjennom desentralisert ordning for kulturbygg. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*